

Vedtekter for Bokn barnehage

Vedteke av kommunestyret 21.03.2006.

Endra av formannskapet 24.05.2022

Kommunestyret har delegert ein del avgjerder til rådmannen, som har delegert vidare til Kommunalsjef oppvekst og kultur. Teksten i vedtektene er justert i samsvar med dette.

Dei endra vedtektene blir brukt ved hovudopptaket i 2022 og gjeld frå 01.08.2022

1. **Eigar.** Bokn kommune er eigar. Formannskapet er eigarstyre.
2. **Formål.** Barnehagen blir driven i samsvar med
 - a. Lov om barnehagar med forskrifter
 - b. Rammepplan for barnehagar
 - c. Kommunale vedtak.
 - d. Årsplan for barnehagen vedteke av samarbeidsutvalet.
3. **Samarbeidsutval.** Barnehagen har foreldreråd og samarbeidsutval med arbeidsområde og avgjerdsmynde slik Barnehagelova tilseier. Foreldrerådet vel foreldrerepresentantane til samarbeidsutvalet. Samarbeidsutvalet består av 2 foreldre og 2 tilsette. Barnehagestyrar og ein politisk vald representant frå formannskapet møter som eigars representantar i samarbeidsutvalet. Val av foreldrerepresentant og tilsettrepresentant er for 2 år om gongen. Eigars representant frå formannskapet blir vald for heile valperioden på 4 år. SU konstituerer seg sjølv, og oppgåva som sekretær er lagt til barnehagestyrar.
4. **Opptaksmynde.** Hovudopptaket til barnehagen, og opptak til eventuelle ledige plassar utanom hovudopptaket, blir gjort av Kommunalsjef etter innstilling frå barnehagestyrar.
5. **Søknad og klage.** Søknadsfrist for hovudopptak er **1. mars**, med oppstart ved nytt barnehageår 15.august. Vidare vert det gjort opptak på fylgjande tider i løpet av barnehageåret:
 - Søknad innan 15.8. – med oppstart 15.oktober.
 - Søknad innan 1.november – med oppstart 1.januar.

Hovudopptaket 1.mars byggjer på det skjønnt Kommunalsjef gjer. Formannskapet er klagenemnd. Klage på vedtak må sendast kommunen ved Kommunalsjef seinast 3 veker etter at melding om opptak er mottatt.

6. **Reglar for opptak.** Opptaket skjer til heil plass 5 dagar i veka, eventuelt 4 eller 3 dagar. Opptaket skal, så langt det er mogleg med omsyn til utnytting av kapasiteten, vere fleksibelt når det gjeld val av vekedag. Ved opptaket skal Kommunalsjefen mellom anna leggje vekt på følgjande (rekkjefølgja er ikkje ei prioritering):
 - a. Barn med dokumentert funksjonshemming skal prioriterast. Det same gjeld barn med tilråding frå PPT, helsesyster, barnevernstenesta, sosialtenesta eller anna fagorgan.
 - b. Barn av einslege forsyttarar.
 - c. Barn frå heimar som ligg slik til at det er lite høve til å leike med andre barn.
 - d. Barn i familiar som er ramma av alvorleg sjukdom.
 - e. Barn i tospråklege familiar.
 - f. Barn frå heimar der begge foreldre er i arbeid eller under utdanning.
 - g. Eldre barn går under elles like tilhøve framfor yngre.
 - h. Barnet må minst vere 6 månader når barnet tek til å gå i barnehagen.
 - i. Ved ledig plass kan barn som ikkje er busette i kommunen få plass. Slik plass blir berre tildelt for eitt år om gongen.

7. Opptaksperiode, oppseiing av plass og ferie.

- a. Barnehageåret byrjar 15. august. For barn busett i Bokn kommune blir plass i barnehagen tildelt frå opptaksdato og fram til og med 14. august det året barnet skal byrje i skulen. Barn som skal byrje på skulen kan søkje plass i SFO frå og med 15. august.
- b. Barna skal ha 4 veker ferie i løpet av barnehageåret. Ferien kan delast i to, men minst 3 veker skal vere samanhengande og innanfor Bokn skule sin sommarferie. (Barn som skal byrje på skulen kan gjerne la ferien gå fram til skulestart.) Kommunalsjefen kan i heilt spesielle tilfelle, og etter søknad, gjere avvik frå regelen om plassering av ferie. Slik søknad må vere motteke før 1. mai i ferieåret.
- c. Barnehagestyrar skal ha melding om når barnet skal ha sommarferie så snart som mogleg og seinast 1. mai. Dersom barnet skal ha den fjerde veka ferie utanom skulen si sommarferie, skal barnehagestyrar varslast minst ei veke før ferieveka startar. Dersom slikt varsel ikkje er gitt og barnet ikkje er i barnehagen, blir det ikkje godtatt at dette fråværet skal reknast som ferie. Denne veka skal vere samanhengande.
- d. Når ein har fått melding om opptak, og har bekrefta at ein tek i mot plassen, kan plassen ikkje seiast opp anna enn ved årsskiftet og ved starten av nytt barnehageår (15. august), dersom oppseiingsgrunnen ikkje er flytting ut av kommunen. Kommunalsjefen kan likevel godkjenne oppseiing til anna tidspunkt dersom det føreligg heilt særskilde årsaker. Barnehageplassen har ein månads oppseiing, rekna frå den 1. i månaden.

8. Betaling og betalingsreduksjon.

- a. Foreldrebetalinga blir fastsett av kommunestyret etter framlegg frå rådmannen i gebyrregulativet, til vanleg for eitt barnehageår om gongen. Auke i pris fylgjer nasjonale maksprisar, og vert justert årleg frå og med 1.1. Ved auke i pris utanom årsskifte skal foreldre / føresette alltid varslast minst tre månader før prisendringa blir sett i verk.
- b. Det må betalast for plassen barnet opptek sjølv om barnet ikkje er til stades alle timane.
- c. Det blir gitt 30% søskenmoderasjon i foreldrebetalinga (opphaldsdelen, ikkje matpengane) for søsken nr. 2 og 50% for eventuelt fleire søsken i barnehagen.
- d. Det blir gitt 30% søskenmoderasjon i foreldrebetalinga (opphaldsdelen, ikkje matpengane) for søsken nr 2 og eventuelt fleire søsken, når barn i barnehagen har søsken i SFO. Dei to moderasjonsordningane blir samordna og betalingsreduksjon gitt på dei rimelegaste tilboda.
- e. Det skal betalast for 11 månader i året. I juli er det ikkje foreldrebetaling.
- f. Betalingsfristen er den 20. kvar månad.
- g. Dersom det manglar betaling for 2 månader kan Kommunalsjefen vedta at plassen kan seiast opp. Foreldre/føresette skal ha 14. dagars varsel om slikt vedtak står i fare for å tre i kraft.
- h. Foreldra kan få redusert foreldrebetalinga når det føreligg spesiell årsak til at barnet går i barnehagen. Slik spesiell grunn vil normalt vere heimla i lovverket, som til dømes hjelpetiltak etter Opplæringslova. Kommunalsjefen har vedtaksmynde i dei tilfella slik vedtaksmynde ikkje er tillagt andre gjennom særlov.

9. **Opphaldstid.** Barnehagen vil halde open kvardagar innan ei tidsramme frå kl. 0700 til kl. 1630. Eit barn kan ha maksimalt 9 timar dagleg opphaldstid. Formannskapet er klageinstans. Barnehagen er stengt julaftan, nyttårsaftan, frå kl. 1200 onsdag før skjærtorsdag og på avtalefesta plandagar for personalet.

10. **Plandagar.** Barnehagepersonalet har for tida 5 avtalefesta plandagar i løpet av barnehageåret. Foreldra skal ha minst 1 månad skriftleg varsel om dato for plandag.

11. **Frammøte, henting.** Når barna er sjuke, eller foreldra av andre grunner ikkje ønskjer å sende barnet til barnehagen, skal foreldra varsle barnehagen innan kl. 9.30. Det skal vere avtala skriftleg før barnet startar i barnehagen kven som har mynde til å hente barnet.

12. **Areal og tal på plassar.** Opptak til barnehagen blir gjort ut frå ei norm der det blir rekna 4,0 m² leikeareal for kvart barn i alderen 3-5 år, og 5,4 m² for dei yngste. Talet på plasser i barnehagen er sett til 84, der det blir rekna 2 plassar for kvart barn i gruppa 0-3 år. Bogn barnehage har eit leikeareal inne på 300kvm, og eit uteareal på 2400kvm. Ved heil eller delvis drift av barnehagen som friluftsbarnehage der ei gruppe av barn er ute det meste av dagen kan arealkravet for denne aldersgruppa gruppa reduserast til 3,0 kvm. Kommunalsjefen kan redusere eller auke plasstalet skjønnsmessig ved opptak etter innstilling frå barnehagestyrar i tråd med dette.
13. **Helsetilsyn.** Når barnet byrjar i barnehagen skal det leggjast fram skriftleg erklæring om barnet si helse. Dersom barnet har møtt til ordinære undersøkingar på helsestasjon, kan slik erklæring bli gitt av foreldra/føresette.
14. **Ansvar.**
 - a. Alle barn i barnehagen er ulykkesforsikra gjennom kommunen si forsikringsordning.
 - b. Personalet har ansvar for barna i barnehagen si opningstid. Bringing og henting er foreldra sitt ansvar.
 - c. Barnehagen har ikkje ansvar for klede eller andre eigendelar som barnet har med seg.
 - d. Tilsette i barnehagen kan ikkje ta barna med seg som passasjerar i eigen bil eller på offentleg transportmiddel utan skriftleg samtykke frå foreldre/ føresette. Barn som blir tatt med i privatbil (eller offentleg transportmiddel) skal vere sikra i samsvar med gjeldande forskrifter, og bilen må vere i forskriftsmessig stand.
 - e. Barnehagen må ha skriftleg samtykke frå foreldra/føresette før det blir tatt bilde/film/videoopptak av barnet. Det gjeld uansett kva opptaka skal brukast til. Ved bruk av bilde i brosjyrar, på heimesider på internett eller liknande, skal foreldra gi skriftleg samtykke. Når bilde blir brukt utan skriftleg samtykke frå foreldra, skal barnehagen sjå til at det ikkje blir brukt namn eller anna som kan identifisere barn.
 - f. Barnet kan ikkje vere med i symjehall, delta på badeturar eller vere med i båt/kano utan skriftleg samtykke frå foreldra/føresette. På slike turar skal ein tilstrekkeleg del av barnehagepersonalet som er med ha godkjent livredningskurs.
15. **Ledige plassar** Dersom barnehagen har ledig plass kan Kommunalsjefen tildele plassen til barn i barnehagen som har eit auka behov for plass eller barn som har søkt men ikkje fått tildelt plass.
16. **Endring av vedtektene.** Formannskapet har mynde til å endre vedtektene. Foreldrerådet og samarbeidsutvalet skal alltid ha høve til å uttale seg før formannskapet gjer vedtak om endring av vedtektene.